



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
236/20	Formannskapet	03.12.2020
114/20	Kommunestyret	10.12.2020

**Detaljregulering Skorva- Engebø, slutthandsaming av plan**

**Vedlegg i saka:**

19.06.2020	Detaljregulering Skorva- Engebø, supplerande høyring alternativ plassering gang-/sykkelveg	1368882
08.05.2020	Detaljregulering Skorva- Engebø, referat frå møte med grunneigarar i Vevring 06.05.2020	1357563
07.09.2020	III_Arealplan-hefte_A3__Askvoll-Naustdal	1390950
09.09.2020	Merknader 2 høyring, og tilleggshøyring.	1391497
09.09.2020	Høyringssvar, samling	1391934
27.11.2020	Fagrapportar KU	1391935
27.11.2020	Notat og rapportar alt. gangveg, samanstilling	1392198
27.11.2020	Skorva- Engebø, føresegn- 20.11.2020	1418166
27.11.2020	Detaljregulering for vassleidning Skorva - Engebø - ROS-analyse versjon 20.11.20	1418167
27.11.2020	Detaljregulering Skorva - Engebø, planomtale 20.11.2020	1418168
07.09.2020	Arealplan-hefte_A3__Askvoll-Naustdal	1390949
09.12.2020	Skorva-Engebø, plankart - retting av formål	1423664

**Innstilling frå Formannskapet 03.12.2020:**

I samsvar med Plan- og bygningslova §12-12 vedtek Sunnfjord kommunestyre detaljregulering for Skorva- Engebø, slik planen går fram av plankart, føresegner, planomtale og ROS- analyse, jfr saksutgreiing datert 24.11.20.

Desse dokumenta gjeld:

Dokument	Dato/ revidert
Plankart	02.09.2020
Føresegner	20.11.2020
Planomtale	20.11.2020
ROS- analyse	20.11.2020

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med Plan- og bygningslova §12-12 vedtek Sunnfjord kommunestyre detaljregulering for Skorva- Engebø, slik planen går fram av plankart, føresegner, planomtale og ROS- analyse, jfr saksutgreiing datert 24.11.20.

Desse dokumenta gjeld:

<i>Dokument</i>	<i>Dato/ revidert</i>
Plankart	02.09.2020
Føresegner	20.11.2020
Planomtale	20.11.2020
ROS- analyse	20.11.2020

### **Behandling i Kommunestyret 10.12.2020:**

**SV og MDG** v/Åsmund Berthelsen fremja følgende utsetningsframlegg:  
Saka vert utsett. Før ny handsaming skal formannskapet på synfaring.

**SV og MDG** v/Åsmund Berthelsen fremja følgende subsidiært tilleggsframlegg:  
Kommunestyret ber kommunedirektøren i samråd med formannskapet leggje til rette for synfaring i Vevring og på Engebø så snart som mogleg i 2021.

### **Avrøysting over utsetningsframlegg:**

SV og MDG sitt framlegg **fall** med 7 (SV, MDG, R) mot 38 røyster

### **Avrøysting:**

SV og MDG sitt tilleggsframlegg vart **samrøystes veteke**

Formannskapet si innstilling **vart vedteke** med 38 mot 7 røyster (SV, MDG, R)

### **KST-114/20 Vedtak:**

I samsvar med Plan- og bygningslova §12-12 vedtek Sunnfjord kommunestyre detaljregulering for Skorva- Engebø, slik planen går fram av plankart, føresegner, planomtale og ROS- analyse, jfr saksutgreiing datert 24.11.20.

Desse dokumenta gjeld:

<i>Dokument</i>	<i>Dato/ revidert</i>
Plankart	02.09.2020
Føresegner	20.11.2020
Planomtale	20.11.2020
ROS- analyse	20.11.2020

Kommunestyret ber kommunedirektøren i samråd med formannskapet leggje til rette for synfaring i Vevring og på Engebø så snart som mogleg i 2021.

### **Behandling i Formannskapet 03.12.2020:**

**Sosialistisk Venstreparti** v/Åsmund Berthelsen fremja følgende utsetningsframlegg:  
Saka vert utsett til driftskonsesjon og ekspropriasjon er avklara.

Før ny handsaming skal formannskapet på synfaring.

### **Avrøysting over utsetningsframlegget:**

SV sitt framlegg **fall** med 2 (SV, MDG) mot 9 røyster

### **Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg **vart tilrådd** med 9 mot 2 røyster (SV, MDG)

### **FORM-236/20 Vedtak:**

I samsvar med Plan- og bygningslova §12-12 vedtek Sunnfjord kommunestyre detaljregulering for Skorva- Engebø, slik planen går fram av plankart, føresegner, planomtale og ROS- analyse, jfr saksutgreiing datert 24.11.20.

Desse dokumenta gjeld:

Dokument	Dato/ revidert
Plankart	02.09.2020
Føresegner	20.11.2020
Planomtale	20.11.2020
ROS- analyse	20.11.2020

### Bakgrunn for saka:

Primært formål med planen er å få tilført prosessvatn til mineralverksemd på Engebø. Det finst ikkje tilstrekkeleg ferskvatn lokalt. Planen utgreier konsekvensar, og fastset løysingar for overføring av vatn frå Nedre Markevatn kraftverk i Skorva i Askvoll kommune til Engebø.

Vassleidningen vert litt over 7 km lang frå kraftverket i Skorva til Vevringtunnelen.

Tiltaket gjeld areal i kommunane Askvoll og Sunnfjord, og tiltaket skal difor handsamast av begge kommunane, der kvar kommune gjer vedtak for den delen av reguleringsplanen som ligg i eigen kommune.

I detaljreguleringa er det lagt opp til vassuttak ved kraftstasjonen i Skorva, sjøleidningar over Gjelsvika, leidningar i grøft på land over Hegreneset, og sjøleidningar over Førdefjorden til Apalsetneset i Sunnfjord kommune. Derifrå vert leidningen ført i grøft langs fylkesvegen fram til Engebøfjellet, ved vestenden av Vevring-tunnelen. Planområdet grensar her til planen detaljregulering Engebø (planid 4647\_143320180049).

Detaljreguleringa gjev etter intensjon tilrettelegging for betra vegsystem, ved fortau og gang- og sykkelveg langs ein del av fylkesvegen i Vevring.

Leidningstrasé langs fylkesvegen gjer det mogeleg å gjere uttak til drikkevassforsyning og brannvatn i Vevring.



Aktuelt planområde og trase for vassleidning og kabelanlegg. Gang-/ sykkelveg i området Årset- ende av planområde i aust. Luftspenn som viser på kartet blir sanert som del av planen.

Det er avtale med Sogn og Fjordane Energi AS om at høgspenkabel skal følgje traséen heile vegen. Føremålet med kabelen er å forsyne Engebøprosjektet, og samtidig auke forsyningstryggleiken både for gruveprosjektet og området elles.

Luftlinja mellom Gjelsvika og Hegreneset vert fjerna, då Hegreneset vert forsynt ved kabel. I tillegg skal luftlinja mellom Årsetfjellet og Indre Vevring fjernast. Med kraftkabelen kjem også fem nye trafostasjonar langs traseen, ein av dei på Hegreneset. På Hegreneset vert det fleire anleggsvegar, og eit riggområde på 3000-4000m<sup>2</sup>.

I arealdelen av kommuneplanen for Askvoll kommune er arealet avsett til LNF-føremål, bruk og vern av sjø og vassdrag, og farlei.

I kommunedelplan for Vevring er områda hovudsakleg avsett til LNF-område, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, fiskeområde, bustadområde og område for råstoffutvinning. Det er omsynssoner for ras- og skredfare og høgspenning, og det er sett av bygge-/anleggsområde i sentrale deler av Vevring.

Planen fell inn under vedlegg II til KU-forskrifta, pkt. 10.j) vassleidningsanlegg over større avstandar, og er handsama etter §8 – planar som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Mogleg konflikt med kulturminne og trua artar/naturtypar var utløysande for krav om konsekvensutgreiing.

Oppsummering av konsekvensar ved konsekvensutgreiing, jamfør planomtale:

Liten positiv konsekvens for følgjande tema:

- Nærmiljø (inkl. alternativ bruk av vassleidninga)
- Landskap

Ingen eller ubetydeleg konsekvens for følgjande tema:

- Friluftsliv
- Marint naturmiljø og biologisk mangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landbruk
- Klimaendringar (føreset at dimensjonering av landtaka vert ivareteken)

Middels negativ til liten negativ konsekvens for følgjande tema:

- Naturmiljø og biologisk mangfald på land

## Saksgang

Ved fyrste høyring varsla Fylkesmannen motsegn til fleire forhold både i Askvoll og Naustdal kommunar.

I Naustdal fann dei at det ikkje var teke tilstrekkeleg omsyn til A- klassifisert naturtype- beitemark i Indre Vevring.

Statens vegvesen varsla motsegn knytt til planlagt fortau i 60- sone.

Planen vart vurdert på ny med bakgrunn m.a. i motsegner.

## 2. høyring

Sunnfjord Formannskapet vedtok 27.02.2020- sak 30/20 at plan skulle sendast på ny høyring.

Høyringsuttalar er referert i vedlegg.

Det er kome inn 12 merknader ved 2. gongs høyring, mai 2020;

Avsendar	Tema, stikkord.
Fylkesmannen i Vestland	Fylkesmannen ser dialogpunktet knytt til lokalitet 10 som framleis uavklart.

	Fylkesmannen ser dialogpunkta knytt til lokalitetane 15, 16 og 20 som avklarde.
Vestland Fylkeskommune Statens Vegvesen	Drøftar sikring av steinalderlokalitet id 33587. Ingen merknad.
Kystverket	Ingen merknad.
Bergens sjøfartsmuseum Fiskeridirektoratet	Ingen merknad. Restriksjon sprenging i gytetid – oppveksttid for kysttorsk 1. januar- 30. juni. Koordinere arbeid med Flokenes fikefarm, Sogn og fjordane fiskarlag og HAFS fiskarlag.
Sogn og Fjordane fiskarlag	Arbeid med sjøleidning må vere utanfor makrellsesong, mai - september
Vevring Grendelag  5 grunneigarar i aust	Gang-/ sykkelveg må ligge på sørsida (sjøsida) av fylkesvegen. Gang-/ sykkelveg langs heile leidningstrase, fiber og kraftkabel i grøft. Mange synspunkt, ein god del ikkje knytt til arealbruk i planen. Gang-/ sykkelveg må ligge på sørsida (sjøsida) av fylkesvegen. Omsyn jordbruk og hage. Ynskjer ikkje gang-/ sykkelveg aust for sti som kryssar elva. Fleire synspunkt, ikkje alle knytt til arealbruk i planen.
429/28 Ole Erik og Ørjan Thingnes	Viser til uttale Vevring grendelag. Ynskjer gang-/sykkelveg må ligge på sørsida av fylkesvegen ved deira eigedom.
29/7 Gerd Thingnes	Forhold som gjeld eigedom vis a vis fjordbutikken.
Naturvernforbundet	Viser til uttale Vevring grendelag. Fleire synspunkt, mindre knytt til arealbruk i planen.

Fylkesmannen stod altså fast ved motsegna knytt til naturtypelokalitet 10 også ved 2. høyring.

Det vart halde møte med grunneigarar som var berørt av planframlegget, og som ynskte møte, 06.05.2020 (referat).


I den samlinga var det massivt ynskje om gang-/sykkelveg på sørsida av fylkesvegen, og at gang-/sykkelvegen slutta ved jordbruksveg og sti som kryssar ved oppkøyrse til gbnr. 429/5.

Nordic Mining aksepterte i dette møtet å greie ut eit sørside- alternativ.

Asplan Viak vurderte alternativ ved notat (vedlegg). Rådgevar sin konklusjon var at alternativ sør var dårlegare i høve funksjon, landskapskvalitet og omsynet til freda kulturminne, i tillegg til vesentleg høgare kostnad. Dei råde til å halde på løysing på nordsida av fylkesvegen.

### **Supplerande høyring**

Kommunen valde etter dette å gjere supplerande høyring av alternativ med gang-/ sykkelveg på nordside, men der gang-sykkelvegen vart avslutta ved avkøyring til gbnr. 429/5. Det vart også signalisert ein aktualitet for at næringsområde ved Vevringtunnelen kunne bli teke ut av planen.



## Uttalar til supplerande høyring.

Avsendar	Tema, stikkord
Fylkesmannen i Vestland	Lengre uttale, avslutning Ved å avslutta gang- og sykkelvegen som vist på skissa unngår kommunen utfordringane knytt til ev. gang- og sykkelveg både på nordsida og sørsida av fylkesvegen i den austlegaste delen av planområdet. Me konstaterer at dersom kommunen godkjenner ei slik løysing, så treng kommunen ikkje å ta stilling til dialogpunktet me hadde til naturtypelokalitet 10.
Statens Vegvesen	- GSV til næringsområde, einig i at den ikkje treng byggast no. - Vi er einige i konklusjon om at GSV bør ligge ovanfor (nordsida av) fylkesvegen. Skifte av linje for GSV frå nord til sør for fylkesvegen vil, som kommune skriv, medføre ny høyring av planframlegget. Forlenging av 50-sone. - Endring av fartsgrenser skal handsamast særskilt etter fartsgrensekriteria i vegtrafikklova/skiltforskrifta. Vi kan ikkje sjå at det er noko i fartsgrensekriteria som tilseier at fartsgrense 50 km/t bør utvidast korkje i retning aust eller vest for dagens 50-sone.
Vestland Fylkeskommune	Vestland fylkeskommune har ingen merknadar til siste utkast til reguleringsplan. Viktig å unngå plassering av fortau/gang- og sykkelveg som medfører mange kryssingar av fylkesvegen. Ingen merknadar dersom ein vel å avslutte gang- og sykkelvegen ved avkøyrsla til gbnr. 429/5. Vestland fylkeskommune finn ikkje grunnlag for å sette ned fartsgrensa frå 60 km/t til 50 km/t på delar av strekninga aust for Vevring sentrum, sjå vedlagt vurdering. Dermed er det heller ikkje grunnlag for å nytte fortau i staden for gang- og sykkelveg på denne strekningen.
Vevring Grendelag	Ynskje om tett dialog med kommunen. Fastheld tidlegare uttale.
5 grunneigarar i aust	For grunneigarane i dette skrivet er det viktig at gangvegen vert lagt på sørsida ved profil 1200.
429/28 Ole Erik og Ørjan Thingnes	Viser til tidlegare synspunkt, og møte. Fastheld tidlegare uttale.
429/25 Svein Thingnes	Store konsekvensar for deira bustadeigedom om vegen kjem på sørsida av fv 611. Bratt, vanskeleg tilkomst. Mur der det i dag dyrkast bær.
Krasimira Thingnes	

Ved den supplerande høyringa var det ikkje kritisk merknad til planframlegget frå

regionale mynde, bortsett frå at fylkeskommunen og Statens Vegvesen er kritiske til tanken om utvida 50- sone, og endring til fortau i staden for gang-/sykkelveg. Andre høyringspartar ser positivt på denne tanken.

Vevring Grendelag, og eit fleirtal av grunneigarane som har uttalt seg, meiner framleis at vassleidning og gang-/sykkelveg austover frå Vevring skule burde ligge på sørsida av fylkesvegen. Kommunedirektøren hadde møte med Vevring grendelag 30.09.2020.

Kommunen har hatt drøfting av forhold knytt til infrastruktur med forslagstillar Nordic mining. Det vil vere aktuelt å legge distribusjonsleidningar for forbruksvatn langs leidning for prosessvatn. Det kan bli utvikla kommunalt vassverk som og forsyner anlegg på Engebø med forbruksvatn (ikkje vatn til mineralproduksjon).

### **Endringar etter høyring**

Planområdet og tiltaksområde er innsnevra på plankartet ved naturtypelokalitet 10 (referanse konsekvensutgreiing), i tråd med presisering frå fylkesmannen.

Endringa føresettast å telje positivt i høve konsekvens for naturmiljø og biologisk mangfald på land, jamfør konsekvensutgreiing.

Føresegn får endring knytt til same forholdet:

Nytt pkt. 7.4.1: "Omsyn bevaring naturmiljø, H560 (naturtypelokalitet i Indre Vevring). Naturmiljøet skal takast vare på. Inngrep som er tillatt gjennom Mellombels byggje- og anleggsområde, jfr. pkt. 8.2, kan gjennomførast, men bør avgrensast så langt råd er."

Rekkefølgekrav, føresegn pkt. 0.4 er endra/ forenkla etter samråd med forslagstillar, i høve til tekst som var på høyring. Føresegn får slik ordlyd:

Løysing for gåande/ syklande skal etablerast langs fylkesveg 611, i samsvar med plankart.

Gang- og sykkelveg/ fortau med lysanlegg, og underliggende installasjonar for elforsyning, kommunikasjon og kommunaltekniske anlegg skal vere ferdigstilt før det kan bli gitt bruksløyve for uttak av vatn til produksjon frå vassleidningen.

Denne regelen gjeld som presisering i høve rekkefølgerregel gitt ved detaljregulering for Engebø, plan-ID 143320180049. (vedtak Naustdal Kommunestyre sak 19/040. Stadfesting Fylkesmann 31.01.2020)

Formål "Anlegg- og riggområde" vert endra til "Mellombels byggje- og anleggsområde" i plankartet.

Føresegner får redaksjonelle endringar, som nummerering.

Planomtalen har nokre endringar, m.a. som følgje av endring i kart og føresegner. ROS- analyse har og nokre endringar. Endringar er markerte i dokumenta.

Dokument sendt til Sunnfjord kommune er å finne her:

[https://innsyn.onacos.no/sunnfjord/postliste/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2020000647&](https://innsyn.onacos.no/sunnfjord/postliste/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2020000647&)

Dokument sendt til Askvoll kommune er å finne her:

[https://innsyn.onacos.no/askvoll/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2017000783&](https://innsyn.onacos.no/askvoll/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2017000783&)

## Konklusjon:

Planen vert lagt fram for vedtak i hovudsak slik han var presentert ved supplerande høyringa, der ein parsell av gang-/ sykkelvegen i aust er teke ut av planen.

Kommunedirektøren finn at løysing med gang-/ sykkelveg på nordside austover frå skulen er best løysing, ut frå funksjon, trafikktryggleik, landskap og driftsforhold/ økonomi. Diverre gjev denne løysinga noko ulempe for landbruket.

Det har vore søkt å sameine ulike interesser ved spørsmål om løysing for gåande og syklende; trafikktryggleik, jordbruk/jordvern, landskap, kulturminne og natur. Diverre har ein ikkje funne semje med Vevring grendelag og ein del grunneigarar om løysing for gangveg/ austover frå Vevring skule.

Kommunedirektøren ynskjer framleis aktiv dialog med lag og private om aktuelle tiltak i Vevring, t.d. i samband med pågåande arbeid med områdeplan for Vevring.

Sunnfjord kommune vel å ha næringsområde ved Vevringtunnellen med i planen, som mellombels riggområde.

Overordna er Detaljregulering Skorva- Engebø eit venta og naudsynt planarbeid for realisering av mineralindustri i samsvar med vedtekne planar.

Planen er slik knytt til Detaljregulering Engebø, som vart ferdighandsama i Naustdal kommune, og som er avslutta ved at Fylkesmannen avgjorde klagesak 30.01.2020.

Ved utvikling av planen er det lagt inn vesentlege element for realisering av utviklingstiltak, i tråd med kommunedelplan for Vevring:

- Gang-/sykkelveg over lengre strekk- anlegg for tryggleik, trivsel og folkehelse.
- Potensiale for brannvatn i Vevring, og potensiale for utvikling av drikkevassforsyning.
- Kraftforsyning blir lagt i bakken parallelt med vassleidning.

Planen er utvikla slik at konfliktpunkt mot vern av naturtypar er løyste.

Konsekvensutgreiing gjev trygt kunnskapsgrunnlag for avgjerd, jamfør naturmangfaldlova. I austre del av planområdet er planrommet for mellombels tiltak utanfor vegareal innskrenka til eit minimum, slik at naturtypelokalitet 10 ikkje skal ta skade ved tiltak.

Førde, den 24.11.2020

Ole John Østenstad  
kommunedirektør

Odd Harry Strømsli  
einingsleiar areal og byggesak